



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2546 - 18/5909

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

22.02.2018

Møtebok for Samarbeidsutvalet / skulemiljøutvalet (SU / SMU) ved Ostereidet ungdomsskule 20.02.2018

Desse møtte:

Kari Zahl Nævdal	(FAU)
Susanne Rebnord	(FAU)
Lisbeth Solen	(Ped. Personale)
Grethe Titland	(andre tilsette)
Nina S. Øvreås	(Lindås kommune)
Arne Riisnes	(rektor)

Forfall:

Stein Carlos Fyllingsnes	(FAU)
Marie Kleiven Reigstad	(Elevrådet)
Tonje Sellevoll Hauge	(Elevrådet)
Kevin Skulstad Sjøstrøm	(Elevrådet)
Stian Sylta	(Ped. personale)

Sak 09 / 2017 – 18: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Sakførebuing: Saklista vart send ut på mail vel ei veke før møtet.

Framlegg til vedtak: Møtebok frå 05.10, innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Dette skjedde i møtet: Ingen merknader

Vedtak: Godkjend

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 10 / 2017 – 18: Endring av skyss og transport frå og til Leiknes

Sakførebuing: Saka har vore handsama i FAU, Elevrådet og i personalet og treng også å bli handsama av SU / SMU. Det er to punkt i saka:

1. Tidlegare skulestart og undervisninga organisert i 60 minutt einingar. Dette går ut på at elevane har 23 undervisningstimar pr.veke og det gir rom for ein kortare dag (onsdag). For å få tilstrekkeleg friminuttstid startar skulen kl. 0830. Elevane får 10 minutt friminutt og eit store fri på 30 minutt. Heimreisa er lik med unntak av ein dag. Då sluttar elevane kl. 1240 og reiser heim med midtskyss saman med barneskulen.
2. Del to dreier seg om å få ein enklare skyss for elevar som reiser frå Leiknes til Ostereidet begge vegar. Dette vil på sikt – reknar vi med – gjere sitt til at fleire elevar frå Leiknes vil søke hit.

Framlegg til vedtak: -

Dette skjedde i møtet: SU drøfta saka

Vedtak: SU sluttar seg til at skulen avklarar internt og med Skyss nødvendige endringar for å få til endring i timefordelinga til 23 A 60 min. undervisningseiningar pr. veke.

SU ber skulen syte for at skuleeigar lager ei sak til politisk nivå for å få elevskyssen Leiknes – Ostereidet t/r til å gå meir direkte og følge E – 39 frå Hillesvåg.

Sak 11 / 2017 – 18: Undersøking om bruk av telefon til regi av KFU.

Sakførebuing: Sakutgreiing om saka ligg ved.

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet: SU drøfta seg fram til svar på spørsmåla

Vedtak: SU ber skulen sende svaret til KFU og ser positivt på skulen si ordning.

Sak 12 / 2017 – 18: Trivselstiltak – skidag – m.v

Sakførebuing: Elevane har dagleg tilbod om å spele fotball, bordtenning, fotballspel og ein del mindre spel. Større tiltak som skidag, kino eller annan form for ekskursjon vil krevje ein eigendel til ynskt ekstra utstyr. I tillegg er det opna for sommarfest, eksamenskick - off, påskemåltid.

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet: SU drøfta tiltaka og sa seg nøgd med desse. SU meiner rabatterte prisar på Knarvikmila mot startnummer ville vere bra.

Vedtak: SU ber skulen ta opp med Knarvikmila om det er rom for rabatt på ymse varer og tenester ved å vise startnummer i samband med Knarvikmila.

Sak 13 / 2017 – 18: MOT sin aktivitet og verknad

Sakførebuing: MOT –programmet er omfattande og underbygger / tek opp om lag dei same tema som skulen til vanleg jobbar med – å få elevane til å ta omsyn til kvarandre og inkludere. Skulen har gjennom kommunen vorte meld på programmet skulen som samfunnsbyggjar. Det er etter kvart tid å etterlyse foreldra si rolle – som samfunnsbyggjarar og elevane si rolle. Kva kan ein forvente og kva må ein då gjere.

Framlegg til vedtak: -

Dette skjedde i møtet: Stille på foreldremøte, vere positive til kvarandre, foreldre møter kvarandre. På bana.

Vedtak: SU er positiv til MOT sitt arbeid og samd med skulen i at foreldregruppa har mykje å seie for om MOT og skulen lukkast i sitt arbeid. Dette felles ansvaret som samfunnsbyggjar er viktig at foreldra tek del i. SU ber skulen arrangere kurs for foreldre som er blitt valde til klassekontaktar.

Sak 14 / 2017 – 18: Personalstoda

Sakførebuing: Rektor fortel om kva fagdekking skulen har, elevtal som kjem neste år og om personalbehov

Framlegg til vedtak: SU tek orienteringa til etterretning

Dette skjedde i møtet: Skulen ser ut til å få 39 elevar i 8. kl. det kan bli fleire når elevane på Leiknes har bestemt seg.

Det er 3 lærarar som går av. Det er behov for 2 nye + rektor for å fyller opp. Språk, kunst, spesped er viktige fag.

Vedtak: SU tek rektor si orientering til etterretning.

Sak 15 / 2017 – 18: MSO – tiltak og tilsyn

Sakførebuing: Medisinarstudentane sin Seksual Opplysning har vore skulen sin partner på dette kunnskapsfeltet i 18 år. Generelt er erfaringane gode.

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet: SU drøfta innspel som er komne frå foreldra i 9.kl.. Er 9.kl det rette steget å ha denne opplæringa på? Kan helsesøster vere med – primært for å følgje opp det MSO tek opp. Kva meiner elevane om temaet. Vert grenser, kjærleik, respekt omtalt tilstrekkeleg nøye?

Vedtak: SU ber skulen kontakte MSO med problemstillingane og rapportere på neste møte 08.05.18

Sak 16 / 2017 – 18: Elevundersøking og temakveldar.

Sakførebuing: Tradisjonen tru har FAU planar om temakveld - denne gongen 13.mars. Dersom det ligg føre opplysningar om elevundersøkinga, vil denne verte omsnakka

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet: Rektor opplyste at elevundersøkinga ikkje var offentleggjort enno. Saka kjem derfor opp att saman med lokal mobbeundersøking.

Vedtak: SU tek orienteringa til etterretning.

Sak 17 / 2017 – 18: Moglege andre saker.

Sakførebuing: -

Framlegg til vedtak: -

Dette skjedde i møtet: SU etterlyste **skuleruta 2018 – 19**. Denne vart delt ut og kommentert. SU spurte om skulen hadde oversikt over kven som hadde vore til stades på dei **obligatoriske kveldane** som skal «skule inn» 11.mai som dette skuleåret er ein innklemd fredag. Den oversikta har kontaktlærar.

Skulen sin **beredskapsplan** i høve katastrofar og skuleskyting var nemnd. For tida er ein ny ROS analyse under arbeid. Skulen sin plan som det ikkje er øvd på med elevane, vert då rimelegvis revidert, men framleis gjeld stikkorda: Løp – gøym - kjemp

Vedtak: SU ber skulen ha ein streng og rettviss praksis mop. obligatoriske kveldar og ber om å bli førelagt revidert beredskapsplan som er i tråd med ny ROS-analyse

Neste møte: Tysdag 08.05. 1730

- Budsjett 2019
- Buss
- Personalstoda
- Elevundersøkingar

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer